

## FAUSKEVÅG 2

### BOPLASS FRA TIDLIGMESOLITIKUM

av Alice Sunde Kvalheim

Kommune og fylke	Harstad, Troms
Askeladden ID	214641
Museumsnummer	Ts16150
Kulturminnetype/ strukturer	Boplass
Utgravningsleder	Alice Sunde Kvalheim
Feltledere	Kenneth Skaldebø og Emilie Grønnegaard Greve Jørgensen (GIS)
Feltmannskap	5 personer
Tidsrom	05.07 - 03.08.22
Dagsverk i felt	126 dv
Metode	Maskinell flateavdekking og konvensjonell steinaldergraving.
Avtorvet areal	465,9 m <sup>2</sup>
Dv med maskin	7 dv
Utgravd areal (fordelt på lag)	Lag 12: 80,5 m <sup>2</sup>
Utgravd volum	8 m <sup>3</sup>
Volum pr dagsverk	0,07 m <sup>3</sup>
Hoh.	46 m
Funn	2437 littiske funn
C14-dateringer	8000 - 8200 f.Kr.
Datering	Tidlig- til mellommesolitikum

### BAKGRUNNEN FOR UNDERSØKINGANE

Lokaliteten vart registrert av Troms fylkeskommune sommaren 2015 og det vart tatt opp imot 30 prøvestikk på flata. Av desse var fire positive og det vart funne til saman ni funn, alle av flint. Tre av dei positive prøvestikka ligg i ei fin lita rekke på det flataste området mens det siste positive prøvestikket ligg litt meir for seg sjølv, langt nord på lokalitetsflata. Området lokaliteten ligg på er relativt flatt og ligg på ei lita forhøging i terrenget. Aktiviteten på flata verkar vere avgrensa til eitt område sjølv om det reint fysisk er meir plass på flata, lokaliteten er avgrensa med prøvestikk.

Stratigrafien på lokaliteten såg ut til å vere lik over heile flata og indikerte at området var upåverka av nyare aktivitet. Fylkets registreringsrapport beskriv det øvste laget i stratigrafien til å bestå av eit torvlag av varierende

tjukkeleik med lommer av silthaldig, grå sand. I Universitetsmuseet si lokalitetsvurdering er dette laget, eller delar av det, omtalt som eit fossilt torvlag. Det vart ikkje funne daterbart materiale under forundersøkingane så estimert datering vart gjort på bakgrunn av flekkematerialet som vart funne i prøvestikka, samt m.o.h. Dette gav ei førebels datering på den mellomste perioden av eldre steinalder (8000 - 6500 f.Kr.).

### PLASSERING

Lokaliteten ligg i Lille Fauskevåg, ca. 3,4 km nord for Tjeldsund Bru i Harstad kommune (sjå Figur 1). Området består av einebustadar og småbruk, samt ulike typar naturområde utan utbygging. Fauskevåg ligg i dag i tett relasjon til sjø, fjellområde, skogsområde og våtmarksområde.

Lokaliteten ligg på ei flate med ein undergrunn som består av lett silthaldig sand, noko som bidrar med god drenering på lokaliteten. Flata ligg på ei naturleg høgde i landskapet og har Rv 83 i vest og utsyn mot Fauskevågen i aust. I forhistoria vil denne naturlege høgda ha vore eit nes i sundet og den ville hatt gode moglegheiter for båtopptrekk på fleire sider. Flata ligg mellom to svært små knausar, men når vi jobba på flata opplevde vi dette som nok til å gi litt le for vinden.


Fauskevåg 2 ligg inne på eigeidomen til ein gard og lokalitetsflata var plassert på ei frodig eng med tjukt gras, markblomster og masse aktivitet frå insekt. Enga har vorte nytta til produksjon av gras. Sør for flata renn det ein bekk. Elles består området rundt engane av blandingsskog, slåttemark, spreidde bustadar og riksveg 83. Lokaliteten ligg ca. 410 m frå dagens strandline.

Berre 60 m i luftline, sør for Fauskevåg 2, ligg det endå steinalderlokaliteten Fauskevåg 1.

### MÅLSETJING

#### PROBLEMSTILLING

I prosjektplanen er det stipulert nokre felles mål for prosjektet som heilheit i tillegg til mål fordelt på dei ulike tidsperiodane. Desse



Figur 1 Fauskevåg 2 sin plassering i Noreg

målsetjingane er meint å hjelpe til med å tette kunnskapshol for det aktuelle området, altså Sør-Troms og Nordland. Her er gjort svært få undersøkingar av lokalitetar som daterast til den eldste delen av steinalderen, dvs. før 5000 f.Kr. og materialteknologiske studiar har ikkje vore prioritert. Dette resulterer i at vi, til ei viss grad, manglar kunnskap om alle aspekt ved busetjingane, reiskapane og menneska som budde i området i denne tidsperioda.

I prosjektplanen er det poengtert at vi har som mål å auke kunnskapen om steinbrukande tid i Sør-Troms og Nordland og eit spesielt fokus skal ligge på kystlandskapet som ressurs og avgrensing for busetjing og korleis dette kan ha endra seg over tid.

Fauskevåg 2 daterer seg til den eldre delen av steinalderen og vil difor ha potensiale til å vere med på å fyller inn nokre store kunnskapshøl. Det er antatt at lokaliteten manglar struktur,

men har littisk gjenstandsmateriale og har antakeleg vore strandbunden. Dette betyr at lokaliteten truleg ikkje kan fortelje oss mykje om intern organisering på lokalitetsflata, men gjenstandsmaterialet kan vere med på å produsere ny kunnskap då materialet er relativt intakt og vil egne seg til materialstudiar.

## PRIORITERINGAR OG STRATEGIAR

Hovudstrategien for undersøkinga av Fauskevåg 2 var å samle inn so mykje av det littiske funnmaterialet som mogleg. Grunnen til dette er at lokaliteten vart vurdert til å vere upåverka av moderne aktivitet og ikkje ha nokre struktur. Då vi hadde eit positivt prøvestikk litt vekk frå dei tre andre positive prøvestikka vart det også ein prioritert å undersøke om det kunne vere snakk om to separate aktivitetsområde på lokaliteten.

Fauskevåg 2 vart vurdert til å ha ein god undergrunn å ta markkjemiske prøve av, så det vart bestemt at dette skulle prioriterast på lokaliteten. Hovudgrunnen til dette var at det ikkje vart registrert nokre strukturar på førehand, slik at det kunne bli vanskeleg å kommentere på organiseringa av busetjinga utan desse prøvene, då dei kan vere med på å identifisere kvar ulike aktivitetar har føregått på lokalitetsflata. Prøvane vil også hjelpe oss med å avgrense lokaliteten. Ei mikromorfologisk prøve bør også takast i samband med markkjemiske prøver då desse skal komplimentere kvarandre. Dette gjorde at vi måtte ha minst ein profilbenk på lokaliteten. Vi prioriterte difor å setje ut ein profilbenk som gjekk gjennom det området der vi hadde tre positive prøvestikk nær kvarandre. Det var truleg her vi hadde størst aktivitet på heile flata, og difor her vi hadde moglegheit til å fange opp eventuelle endringar/ulikskapar i undergrunnen.

## UNDERSØKELSESMETODE OG DOKUMENTASJON

### FELTMETODE

Vi nytta maskinell avdekking på lokaliteten, men det gjekk sakte i starten då det var mykje diskusjon om kor djupt ein skulle gå (sjå Figur 2). Det verkar som det var to torvhorisontar i undergrunn, med ei sandlinse, med varierende tjukkeleik, mellom desse. Diskusjonen gjekk difor fram og tilbake i fleire omgangar om ein berre skulle fjerne den fyrste horisonten, eller begge, og om dei eventuelt skulle fjernast samtidig. I registreringsrapporten vart det ikkje nemnt at sandlinsene i stratigrafien potensielt kunne vere eit eige lag. Vi enda opp med å fjerne all torv, samtidig.

Då vi hadde avtorva lokaliteten og reinska opp, vart det raskt tydeleg at lokaliteten hadde vorte påverka av moderne aktivitet. I toppen av det lysegrå, silthaldige sandlaget kunne vi sjå hundrevis av spadetak, jamt fordelt utover heile flata (sjå Figur 3).



Figur 2 Kenneth Skaldebø og Maciej Ehlert fylgjer med på maskina under avtorving.



Figur 3 Planfoto som viser alle spadetaka på flata.

Vi grov ei sjakt i den sørlege delen av lokaliteten for å undersøke eit område med mykje organisk materiale innblanda i sanden. Dette vart avskrive som moderne fyllmasse.

Då det ikkje var nokre synlege strukturar eller stratigrafi å ta omsyn til, grov vi mekaniske 10 cm-lag. Då dei fyrste rutene på området vart grave, valte vi å separere lag 1 og lag 2 i ulike bøtter og sålde desse kvar for seg. Dette vart gjort for å sjå om funnkonsentrasjonen var størst i dei øvste eller nedste 5 cm. Dette viste oss at det var omtrentleg lik mengde funn i både lag 1 og lag 2. Vi valte difor å grave vidare nedover for å fange opp so mykje som mogleg av funnkonsentrasjonen. Igjen så separerte vi lag 3 og 4 då vi begynte på lag 34, dette viste oss at det var mest funn i lag 3 og tilnærma funntomt i lag 4. Det vart grave totalt 2x 10 cm-lag på flata.


## PRØVEUTTAK

Det vart tatt kolprøver, markkjemiske prøver, mikromorfologi og makrofossilprøver på lokaliteten.

Då vi ikkje hadde nokre sikre kontekstar å ta kolprøver av, måtte vi ta prøver av det vi fann under graving. Det dukka opp enkelte små kolflekkear i rutene, og desse tok vi prøver av etter kvart som dei dukka opp. Det vart funne ein mørkegrå flekk på lokaliteten som kunne sjå ut til å vere sot. Denne vart fotografert også tatt inn i sin heilheit, som ei makrofossilprøve. Tanken var at denne potensielt kunne nyttast til datering, men ingen synleg kol vart identifisert i prøva, under flottering.

Fauskevåg 2 vart vurdert til å ha gode forhold for markkjemiske analyser allereie før utgravinga tok til. Vi la difor tidleg ei plan for prøvetaking på lokaliteten. Det vart tatt til saman 29 markkjemiske prøver på lokaliteten. Desse vart tatt med 3-4 m mellomrom over heile flata (sjå Figur 4). To av dei 29 prøvane er referanseprøver tatt utanfor lokalitetsflata, og fem av prøvane vart tatt i profil; ei prøve frå kvart av dei stratigrafiske laga.

I samband med dei markkjemiske prøvane tok vi også ei mikromorfologisk prøve i profil, rett att med der dei markkjemiske profilprøvane vart tekne. Den mikromorfologiske prøva skal komplimentere dei markkjemiske prøvane, men ville også kunne bekrefte eller avkrefte om sanden i undergrunn er marint avsett. Dessverre så vart denne prøva skada under transport slik at sedimenta i prøva vart forstyrra. Vi vurderte forstyrringa av sedimenta til å vere så stor at prøven ikkje lenger kunne nyttast, den vart difor kassert.



Figur 4 Kart over dei markkjemiske prøvane tatt frå lokaliteten.

## OBSERVASJONAR OG RESULTAT

### STRATIGRAFISKE FORHOLD

Fauskevåg 2 vart, som tidlegare nemnt, vurdert til å vere ein uforstyrra lokalitet. Etter at vi begynte å fjerne torva viste det seg at det har vore moderne aktivitet på flata, og dette har påverka stratigrafien i stor grad.

Etter samtale med grunneigar vart vi informerte om at lokalitetsflata har vorte nytta som «handteig» frå tidleg på 1900-talet og fram til 1980-talet. Med uttrykket «handteig» meinte grunneigaren ein teig med nybrott der ein ikkje nytta noko maskinelt hjelpemiddel; jorda vart snudd for hand, med spade. Spadetaka er svært systematiske og jamt fordelt utover, og det ser ut til at jorda har vorte snudd rett opp og ned, den har ikkje vorte kasta rundt. Dette har likevel resultert i at vi har fått to torvhorisontar; ein original som vart snudd rundt slik at det hamna sand på toppen, og ein som vaks fram etter sninga av den originale. Dette vart gjort for å dyrke gras til husdyr, og graset var hengt på hesjer som vart satt opp på flata, noko som har ført til enkelte moderne staurhol i undergrunnen (ingen av desse vart identifisert inne på aktivitetsområdet).

Stratigrafien ser difor slik ut (frå botnen og opp) (sjå Figur 5):

1. Aurhelle, raudbrun på farge, enkelte plassar veldig hard.
2. Sandlag, raudbrunt silthaldig sandlag – dette laget er likt lag 3 i innhald, men er misfarga etter jern-/mineralutfelling. 1 – 20 cm.



Figur 5 Oversikt over stratigrafi på lokaliteten

3. Sandlag, lysegrått silthaldig sandlag – I overflata av dette laget kunne ein tydeleg sjå avtrykka etter hundrevis av spadetak, desse viste seg som halvmåneforma torvflekker. Laget er funnførande. 0 – 19 cm.
4. Gammal torvhorisont, dette er den originale torva på flata som vart snudd opp ned for hand. 2 – 7 cm.
5. Sandlag, lysegrått silthaldig sandlag – svært ujamnt lag. Laget er truleg funnførande. 1 – 6 cm.
6. Ny torvhorisont, Moderne lag bestående av sandblanda organisk materiale på veg til å bli torv. 5 – 10 cm.

Sjølv om lokaliteten har vorte påverka av moderne aktivitet, trur vi ikkje det har påverka funnspreiinga i veldig stor grad. Forstyrtingane førte likevel til noko forvirring rundt lokalitetens stratigrafi i starten, og vi enda difor opp med å fjerne det lysegrå sandlaget mellom dei to torvhorisontane; eit lag som truleg inneheldt noko littisk funnmateriale.

### FUNNGJENNOMGANG

Materialet frå Fauskevåg 2 er katalogisert under Musit nr. Ts 16150 og består av totalt 2437 funn fordelt på råstoffa flint, bergart, bergkrystall, chert, kvarts og kvartsitt.

Det dominerande råmaterialet er flint som utgjer 84,1% av det totale materialet, deretter er kvartsitt mest funnrik og utgjer 14% (sjå Tabell 1).

Av flinten er underkategorien lys fin mest funnrik med 884 funn og grå på ein andre plass med 593 funn. Hos alle underkategoriar av flint, bortsett frå heterogen, finn vi alle stadium av reduksjon/produksjon. Dette betyr at vi har alt frå kjerne, kjerneavfall, avslag og/eller flekke til reiskapar i desse typene flint. 11,5% (236 stk.) av flintmaterialet er varmpåverka og 16,7% (342 stk.) har rest etter cortex.

Av kvartsitt så finn vi totalt 341 funn fordelt på underkategoriane blandet, blå, sort og fin, der sort type er den mest funnrrike. Det er berre sort type som har alle stadium av reduksjon/produksjon. Kvartsitten er antatt å vere lokal då det finnast mykje naturleg kvartsitt i området og spesielt blå og sort type finn vi på fleire andre lokalitetar langs Tjeldsundet, som Haukebø 2,

## FAUSKEVÅG 2

Gjenstand	Bergart	Bergkrystall	Chert, blandet	Chert, sort	Flint, bryozo	Flint, grå	Flint, heterogen	Flint, lys fin	Flint, mørk fin	Flint, brent	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Total	%
<i>Primært tilverka gjenstandar</i>																	
Kjerne		1			2	5		4	2	2				1	1	18	0.74%
bipolar		1			1	3			1							6	0.25%
plattformkjerne					1	1		4					1			7	0.29%
uregelmessig						1			1	2					1	5	0.21%
Avslag	2	3	14	23	120	551	6	820	167	220		94	20	51	169	2260	92.74%
bipolar					1	1		1								3	0.12%
frontfornying						4		1	1							6	0.25%
mikrostikkel						1										1	0.04%
plattformavslag						4		4	1	1					1	11	0.45%
ryggflekke					1	3										4	0.16%
vanlege	2	3	14	23	118	538	6	814	165	219		94	20	51	168	2235	91.71%
Flekke					9	13	1	24	9	1					1	58	2.38%
Mikroflekke			1		6	10		28	8	6		1		1		61	2.50%
Fragment						1				5						6	0.25%
<i>Sekundært tilverka gjenstandar</i>																	
Mikrolitt						3		1								4	0.16%
Lansett						3		1								4	0.16%
Skraper						1										1	0.04%
av avslag						1										1	0.04%
Bor			1			2		2		1						6	0.25%
av flekke			1			2		2		1						6	0.25%
Flekke, retusjert						2		1		1						4	0.16%
konkav kantretusj								1								1	0.04%
konveks kantretusj						2										2	0.08%
rett kantretusj										1						1	0.04%
Mikroflekke, retusjert				1		1		2	1							5	0.21%
rett kantretusj				1		1		2	1							5	0.21%
Avslag, retusjert					1	3		2	4						1	11	0.45%
annen retusj					1	1			3						1	6	0.25%
bølget retusj						1										1	0.04%
konkav kantretusj						1										1	0.04%
konveks kantretusj								1								1	0.04%
rett kantretusj								1	1							2	0.08%

Gjenstand	Bergart	Bergkrystall	Chert, blandet	Chert, sort	Flint, bryozo	Flint, grå	Flint, heterogen	Flint, lys fin	Flint, mørk fin	Flint, brent	Kvarts	Kvartsitt, blandet	Kvartsitt, blå	Kvartsitt, fin	Kvartsitt, sort	Total	%
<i>Andre gjenstandar</i>																	
Rund stein											1					1	0.04%
Råknoll						1										1	0.04%
Råstoffblokk													1			1	0.04%
Grand Total	2	4	16	24	138	593	7	884	191	236	1	95	21	53	172	2437	100.00%
%	0.08%	0.16%	0.66%	0.98%	5.66%	24.33%	0.29%	36.27%	7.84%	9.68%	0.04%	3.90%	0.86%	2.17%	7.06%	100.00%	

Tabell 1 Oversikt over heile funnmaterialet frå Fauskevåg 2. Fortsetter fra forrige side

Fauskevåg 1 og Årbogen 2.

Vi har også to typar chert på lokaliteten; blandet og sort. Sort type er mest funnrik, men blandettype har større variasjon i gjenstandstypar.

### Avslag og fragment

Avslag er den største funnkategorien på Fauskevåg 2 og utgjør 91,7% (2235 stk.) av det totale materialet. Dei fleste av desse (83,2%) er av flint. Av flintavslaga er 95,6% i storleiken 0-2 cm og 4,4% er i storleiken 2-5 cm, ingen avslag over 5 cm vart registrert i dette råmaterialet. 14,9% av avslaga i storleiken 0-2 cm har rest etter cortex. Blant avslaga i storleiken 2-5 cm har 51,2% rest etter cortex.

Av kvartsittavslaga er 79,6% i storleiken 0-2 cm, 13,5% er i storleiken 2-5 cm og 6,9% er i storleiken over 5 cm.

Det vart registrert seks fragment på lokaliteten, alle av flint. Fem er brende fragment og eitt er av typen grå flint.

### Flekkemateriale

Av flekkemateriale er det registrert 61 mikroflekk og 58 flekke fordelt på 26 makro- og 32 smal flekke.

58 av mikroflekkene er laga av flint og den mest nytta undertypen er lys fin (sjå Tabell 2). To av mikroflekkene er laga av kvartsitt og ei er av chert, ingen av desse er heile. Dei fleste av mikroflekkene er laga av flint med varierende, men generelt høg kvalitet. Bryozo, lys fin og mørk fin er underkategoriar som stort sett inneheld homogen og finkorna flint, og mikroflekk i desse undertypane utgjør 72% av alle mikroflekk. Mikroflekkene strekk seg i storleik frå 2,6 – 1,2 cm



Figur 6 Foto av mikroflekker

Flint	Bryozo	Grå	Heterogen	Lys fin	Mørk fin	Brent	Grand Total
<b>Makro</b>	4	7		9	4	1	25
distal	1	1		1			3
medial		2		4	1		7
proksimal	1	3		3	1	1	9
hel	2	1		1	2		6
<b>Smal</b>	5	6	1	15	5		32
distal		1		4			5
medial	1	3	1	2	3		10
proksimal	4	1		8	2		15
hel		1		1			2
<b>Mikro</b>	6	10		28	8	6	58
distal	1	2		8	1		12
medial	2	4		5	2	2	15
proksimal	3	3		9	2	2	19
hel		1		6	3	2	12
<b>Grand Total</b>	15	23	1	52	17	7	115

Tabell 2 Oversikt over alle flekker av Flint

i lengde, 0,8 – 0,3 cm i breidde og 0,3 – 0,1 cm i tjukkeleik (sjå Figur 6).

Av dei 26 makroflekkene på lokaliteten er 25stk av flint og ei er av kvartsitt. Som med mikroflekkene er det langt fleire makroflekk laga av dei finkorna typane flint, enn dei grovare typane. Makroflekkene strekk seg i storleik frå 5,3 – 3,2 cm i lengde, 1,8 – 1,2 cm i breidde og 0,5 – 0,1 cm i tjukkeleik.

Av dei 32 smalflekkene er 15 stk. laga av lys fin flint. Smalflekkene måler 4,5 – 2,9 cm i lengde, 0,8 – 0,1 cm i breidde og 0,4 – 0,1 cm i tjukkeleik.

Felles for alle flekketypane er at det finnst flest proksimalfragment, med medialfragment på ein nær andre plass. Færrast er distalfragmenta og dei heile flekkene (sjå Tabell 2).

### *Kjerne og kjernemateriale*

På Fauskevåg 2 vart det registrert 18 kjerne, sju plattformkjerne, seks bipolare kjerne og fem uregelmessige kjerne.

Av plattformkjernane er det berre ei som er konisk mikroflekkekjerne (Ts 16150.774). Denne

er ein-sidig med rest etter cortex på baksida, og har fasettert plattform (sjå Figur 7). Toppen av denne kjerna er vindpolert/sandblåst mens botnen av den er heilt upåverka. Det er også ein svakt synleg fargeforskjell mellom det vindpolerte området og det upåverka området.

To av plattformkjernane (Ts 16150.64 og .489) er små og oppbrukte. Dei har ei tilnærma konisk form, men teknologisk sett kan dei ikkje



Figur 7 Foto av konisk mikroflekkekjerne.



Figur 8 Foto av flekkebor



Figur 9 Lansettmikrolittar

seiast å vere koniske flekkekjerner.

I tillegg til kjernane vart det registrert seks frontfornyingsavslag, elleve plattformavslag og fire ryggflekke. Plattformavslaga fordelar seg på seks plattformkantar og fem skiveavslag. Av ryggflekke har to rest etter cortex og ei har kraftige bruksspor, den siste er overløpande.

#### **Sekundært tilverka gjenstandar**

Av dei sekundært tilverka gjenstandane er det retusjerte avslag som er den mest funnrrike kategorien med elleve stykk, annen retusj er mest vanleg. Til saman vart det registrert ni retusjerte flekke og mikroflekke, hos desse er rett kantretusj mest vanleg.

Av formelle reiskapstypar vart det funne bor, skrapar og mikrolitt på lokaliteten.

Fem bor av flekke vart registrert, eitt av chert og fire av flint (sjå Figur 8). Det står seks bor i Tabell 1, då eitt av bora er i to deler. Desse delane vart funne i to separate kvadrantar og er difor lagt inn i gjenstandsdatatabasen med to

ulike nr. i Musit (gjenstandsdatatabasen). Boret er registrert under Ts 16150.163 og .177 og er laga på ei kraftig flekke av grovare flint. Boret har totalretusjerte sidekantar. Eitt bor er laga på ei kraftig flekke av chert, og har også totalretusjerte sidekantar. Eitt av flintbora er svært skada av varme, og to andre flintbor er fragmenterte slik at berre spissen er bevart.

Fire lansettmikrolittar vart også registrert på lokaliteten, alle av flint (sjå Figur 9). Av desse fire er det berre ein (Ts 16150.490) som er heil. Denne er laga av grå flint, og det er ikkje nytta mikrostikkelteknikk. Dei tre andre er fragmenter som har vorte tolka til å vere mikrolittar, men dei er noko usikre.

Til sist har vi ein skrapar av avslag, laga av grå flint. Eggen er steil og tydeleg, men grov i si utforming.

### Andre gjenstandar

På lokaliteten vart det også registrert ein råknoll av grå flint. Denne er i to deler og har vore testa, deretter forkasta. Frå ei råstoffblokk av blå kvartsitt, har ein slått av ein serie større avslag som truleg har vore nytta som emne til ulike gjenstandstypar. Til slutt vart det registrert ein rund stein, også kjent som «kosestein», av kvarts. Denne er oval og måler 1,6 x 1 cm. Vi valte å ta inn steinen då den skil seg frå resten av materialet frå lokaliteten, då det er rein sand i undergrunn og ingenting av materialet er vassrulla.

## ANALYSE

### TREKULLPRØVER

Då vi ikkje hadde nokre sikre kontekstar å ta kolprøver av, vart vi nøydde til å ta prøver av mindre kolflekkar som dukka opp under gravinga. Det vart tatt totalt fire prøver, og tre av desse vart sendt til analyse (sjå Tabell 3). Den siste prøva vart ikkje analysert, då den inneheld svært lite kol, men vi har likevel valt å magasinere den då den kanskje kan nyttast i framtida.

Det er noko overlapp mellom prøvene, og dei daterar seg til overgangen mellom fyrste og andre del av eldre steinalder. Lokaliteten har truleg ei datering på ca.8000 - 8200 f.Kr.

### MARKKJEMI

Det vart tatt 29 markkjemiske prøve frå lokaliteten, men igjen vart ikkje resultatane så gode som vi hadde håpa (Id 30339 – 30352, 30361 – 30365, 30370, 30377, 30378, 30401 – 30405, 32062 og 32065). Vi hadde same problemet her som på Fauskevåg 1, nemleg at horisonten vi tok prøvane frå var svært utvaska. Prøveresultatane gjer oss ikkje nokre svar med to strek under svaret, men nokre forsiktige indikasjonar gjer likevel resultatane oss.

Resultatet av analysane viser at det er noko høgare innhald av organisk materiale i undergrunnen i det nordvestre hjørnet av lokalitetsflata. Dette korrelerer ikkje med verken fosfat eller magnetisk susceptibilitet (MS). Vi har eit noko høgare utslag av MS i det sørvestre hjørnet av lokalitetsflata, mens dette utslaget blir svakare mot nordvest og aust. Utslaga på MS-prøvane er generelt svake og det må knytast noko usikkerheit opp mot desse. Organisk og uorganisk fosfat har ein ganske stabil overlapp på flata og responsen er høgst lengst nord på flata. Dette området overlappar ikkje med, men følgjer grensa til, området med organisk materiale. Rapporten frå det Miljöarkeologiska laboratoriet ved Umeå Universitet i Sverige ligg ved rapporten i sin heilheit.

## FUNN

### Funnspreiing


Funnspreiinga viser at vi har ein hovudkonsentrasjon i midten av flata samt ein mindre konsentrasjon i den nordlege/nord-austlege delen av flata. Den viser at det har vore noko aktivitet sør på flata òg, men denne vetle konsentrasjonen vart ikkje fullstendig kartlagt då graving av lag 34 i hovudkonsentrasjonen vart prioritert i staden for. I det nordlege området finn vi stort sett berre flint, mens i hovudkonsentrasjonen finn vi flint i tillegg til kvartsitt og chert (sjå Figur 10 og Figur 11).

Hovudkonsentrasjonen har ei fin avgrensing som måler ca. 4x5 m, og det er påfallande at alle formelle reiskapar ligg innafor denne avgrensinga. Hovudkonsentrasjonen av varmepåverka materiale ligg i eit 2x2 m område, også innafor denne avgrensinga (sjå Figur 11 - Figur 13). Basert på konsentrasjonens storleik og innhald, ser vi det som sannsynleg at denne avgrensinga representerer ein teltkonstruksjon med ein eldstad.


Museumsnr	TRa nr	Intrasis ID	Funntekst	Prøvetype	Datert materiale	C14 alder	Kalibrert alder (94,4%)
Ts 16150.1	TRa-19136	30448	Tatt under graving, lag 34	Kol	Betula	9100 +/- 25	8341 – 8254 BC
Ts 16150.2	TRa-19137	30461	Tatt under graving, lag 4	Kol	Betula	8910 +/- 35	8236 – 7957 BC
Ts 16150.3	TRa-19138	30460	Tatt under graving, lag 3	Kol	Betula	8975 +/- 30	8284 – 8171 BC

Tabell 3 Oversikt over kullprøver med datering

## FAUSKEVÅG 2




Figur 10 Funnspreiing som viser kjernemateriale




Figur 11 Funnspreiingskart som viser råstoff.

## FAUSKEVÅG 2



Figur 12 Funnspreiingskart som viser reiskapar



Figur 13 Funnspreiingskart som viser varmepåverka materiale

## Råstoffbruk

Flint er det dominerande råstoffet på lokaliteten, men vi har også registrert kvartsitt, kvarts, chert, bergkrystall og bergart.

Finkorna flint av god kvalitet utgjør størstedelen av flintmaterialet. 14,2% av det totale flintmaterialet har rest etter cortex. Dei lengste flekkene på lokaliteten er over 5 cm lange, men den testa knollen av flint vi registrerte på lokaliteten, viser at knollar med storleik under 5 cm også vart nytta, eller i det minste forsøkt nytta. Det er interessant at brordelen av flintmaterialet består av finkorna flint, dette kan tyde på at dei hadde økonomi til å velje vekk råmateriale av mindre god kvalitet.

Av kvartsitten på lokaliteten er den sorte typen den mest funnrrike og den blå er den minst funnrrike. Vi ønskte å skilje ut den blå typen då denne har vorte identifisert på fleire av steinalderlokalitetane vi har undersøkt i Tjeldsundet (bl.a. Fauskevåg 1 og Årbogen 2). Denne kvartsitten er enkel å identifisere då den har ein mørk grå-blå farge, og ein del kvartsårer (sjå Figur 14). På Fauskevåg 1 har vi for eksempel tilnærma lik situasjon som på Fauskevåg 2, med ei stor råstoffblokk og avslagsmateriale i same typen kvartsitt. På Årbogen 2 er det mange slike unytta blokker, men også avfallsmateriale etter produksjon. I fjellsida der lokaliteten ligger opptre kvartsitten naturleg i botnmorene avsett av isbreen under førre istid.

Vi trur likevel at ein del av kvartsitten katalogisert som sort er av same typen som blå. Dette fordi dei har veldig lik kvalitet, men det som er katalogisert som sort er mørkare på



Figur 14 Blå kvartsitt som råstoff

fargen. Begge typane har kvartsårer, men den blå har meir – kanskje er dette med på å gi den blå ein lysare farge? Det er uansett verd å merke seg at det kan vere ein del overlapp mellom desse to kategoriane, men vi behaldt likevel inndelinga då den er med på å indikere antal reduksjonssekvensar.

Det er ingen kjende førekomstar av chert i Sør-Troms og det vetle chertmaterialet funne på lokaliteten er difor vurdert som eit importert råmateriale. Næraste, kjende chertbrot er å finne i Kvænangen i Nord-Troms (Niemi et al., 2019a).

## Gjenstandsmaterialet

Materialet frå Fauskevåg 2 viser eit hovudfokus på flekkeproduksjon og eit sidefokus på avslagsmaterialet. Flint har hovudsakleg vorte nytta til produksjon av flekke og formelle reiskapar, mens kvartsitt har vorte nytta til produksjon av avslag.

Observasjonar av flekkematerialet gjort undervegs i katalogiseringsarbeidet, viser til ein standardisering i produksjonen av flekke, på lokaliteten. Flekkene har, på generelt grunnlag, parallelle sidekantar, ein eller fleire ryggar og er produsert i seriar frå dei same råstoffa. Proksimalane viser ein gjennomgåande preparering av plattformkanten, noko som er reflektert i plattformavslaga. Fire av fem plattformskiver er fasetterte, truleg er den siste det også, men den er for varmpåverka til å seie dette sikkert. Det er truleg at dei fleste flekkene er produserte ved trykkteknikk.

Avslagsmaterialet av kvartsitt gir inntrykk av å dekke eit ad hoc behov. Avslaga er generelt ikkje retusjerte (eitt avslag i sort kvartsitt har retusj), viser liten grad av preparasjon og varierer svært i storleik, tjukkeleik og utforming. Avslaga av flint er i stor grad avfall etter flekkeproduksjon, men nokre har likevel vorte nytta som reiskapar. Vi har nokre retusjerte avslag og ein skrapar av flint, laga på eit avslag.

Truleg representerer dei små, litt uregelmessige plattformkjernane av finkorna flint, sluttproduktet etter reduksjon av koniske, eller tilnærma koniske, flekkekerne. Dette kan indikere ein maksimeringsstrategi på lokaliteten.

## TOLKNING

Lokalitetens plassering i landskapet er typisk for ein buplass frå eldre steinalder. Lokaliteten ligg på ei lita høgde med sand i undergrunn, noko som gir utsyn og drenering. Denne vetle høgda vil ha vore eit nes for 8000 år sidan, så sjøen vil også ha vore svært nærme med moglegheit for å dra opp båtar frå fleire kantar.

Vi har ingensikrespor etter bustadstrukturar på Fauskevåg 2, men funnspreiinga indikerer at vi har hatt ein teltkonstruksjon med ein eldstad, på flata. Med tanke på at vi berre har ein potensiell bustadstruktur, og eit materiale som ikkje er svært omfattande, er det naturleg å tolke buplassen som ein kortvarig bustad for ei avgrense gruppe menneske. Dei indikasjonane vi fekk frå dei markkjemiske prøvane underbyggjer også tolkinga om at det er snakk om ein kortvarig, lite intens bruk av flata. Utslaget på organisk materiale legg seg i hovudsak utanfor det vi har tolka som avgrensinga på teltringen, men ein liten del strekk seg innfor i den nordvestlege delen av avgrensinga. Innhaldet av organisk materiale er svært lavt, men skil seg frå resten av flata og kan difor (forsiktig) tolkast som eit utkastlag/avfallslag. Dette kan korrelere med ein inngang i teltkonstruksjonen, dvs. at ein har kasta matavfall rett ut inngangspartiet. Dersom dette indikerer eit inngangsparti så har dette vore vendt mot nordvest, og dette er truleg den retninga som gjer mest le for vinden. MS-resultata korrelerer ikkje med ein eventuell eldstad inne i teltkonstruksjonen, men igjen så har vi svært låge verdiar. Det er difor framleis mogleg at ein hadde ein eldstad inne i konstruksjonen, dette basert på det varmepåverka steinmaterialet.

Lokalitetens alder er satt til ca.8000 - 8200 f.Kr. Dateringa er hovudsakleg satt på bakgrunn av resultatata av C-14 dateringane frå lokaliteten, men funnmaterialet støttar òg opp om ei slik datering. Mikrolittar opptrer i hovudsak i den tidlegaste perioden av eldre steinalder (9500 – 8000 f.Kr.), men dei var også i bruk ut i den andre perioden (8000 – 6500 f.Kr). Trykkteknikken gjer seg tradisjonelt gjeldande i den andre perioden av eldre steinalder (Bjerck, 2008).

Tilverking av flekker med trykkteknikk har vore den prioriterte produksjonen på lokaliteten. Plattformavslaga etter denne produksjonen er fasetterte. Undersøkingar gjort dei seinare åra peikar mot at den prepareringa/forminga av kjernane som resulterer i fasettert plattform, kjem frå aust, dvs. notidas Russland. Deretter bevegde den seg vestover via Kola-halvøya, dei nordlege delane av Finland og Sverige, inn i Finnmark og vidare sørover langs norskekysten. Den prepareringa/forminga som resulterer i glatte plattformer kom sørfrå, frå kontinentet (Manninen et al., 2021).

Då dette er ein høgt standardisert teknologi, er den relativt enkel å identifisere og difor ein god teknologi å bruke til å spore menneskelege migrasjonar og kontaktnettverk. Lokaliteten har ei god datering og eit godt funninventar, til tross for at noko av dette materialet truleg har gått tapt då lokaliteten er noko forstyrra av moderne aktivitet. Likevel vurderer vi Fauskevåg 2 til å vere ein god lokalitet til å vere med på å svare på spørsmål som «når vart teknologien introdusert til området» og «kor fort spreia teknologien seg langs kysten?». Dersom ein ser Fauskevåg 2 i kombinasjon med Fauskevåg 1, vil ein ha eit svært godt utgangspunkt for å sjå nærare på denne teknologien i Tjeldsund-området, men også i ein større overregional, nordnorsk og nordleg fennoskandinavisk samanheng.